

# Gjenta og stuten

Ein usæl song om ei gjente – ei gjente og so ein stut.  
Den eine elska ei kvige - den andre elska ein gut.  
Og gjenta var gardsmanns jente, og stuten var berre ein stut.  
Men guten var son av ein husmann, ein sokalla husmannsgut.

Dei møttes med kvart på ein holme, der sto det eit gamalt naust.  
Men der kom far hennar på dei, og dermed var helvete laust.  
Han skreik slek at måsen rømde, han var så sint at han naus.  
Og olmose husmannstraven vart mest slagen helselaus.

Og gjenta vart skyssa heimat med hiskning og krampegråt  
So læste han båten for ho. Det fanst ingen annan båt.  
Men seint neste laurdagskvelden, då gamlingen låg og sov,  
smaug gjenta seg ned til stranda. Ho ba ikkje eingong om lov.

Og dermed vrengde ho av seg, ho vyrd ikkje kulden eingong,  
men sumde med kurs for holmen med jubel og salmesong.  
So var det ho midt på sundet, råka stuten du veit,  
og han låg for same kursen der framfus han fram seg sleit.

No skulle han møte kviga, kviga som før er nemd.  
For ho var til liks med guten løyndeg til holmen stemd.  
Dei visste kje om kvarandre, men vegen bar same veg.  
Ho tenkte på han i naustet, han tenkte vel sitt med seg.

Dei sumde med alt dei åtte. Urkrafta fram dei dreiv.  
So stod dei omsider ved målet og hardt etter pusten heiv.  
men der vard et inga kvige, og der vard et ingen gut.  
So stod ho der dum som ei kvige, so stod han der dum som ein stut.